



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

DELÅRSRAPPORT & REKNESKAP

4. kvartal 2016

Innhold

Hovudtal konsern.....	4
Styret si melding	5
Kvartalsrapport pr. 31.12.2016.....	5
Resultat	5
Rentenetto.....	6
Driftsinntekter	6
Driftskostnader	6
Tap på utlån og garantiar	7
Kapitaldekning	7
Avkastning på egenkapitalbevisa	8
Utlån.....	8
Innskot.....	9
Forvaltningskapital	9
Dotterselskap og tilknytt selskap	9
Dotterselskap	9
Tilknytt selskap.....	10
Utsiktene framover	10
Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2016	12
Delårsrekneskap 4. kvartal 2016.....	13
Delårsrekneskap 4. kvartal 2016 - konsern.....	13
Delårsrekneskap 4. kvartal 2016 - morbank.....	14
Eigenkapitaloppstilling.....	15
Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 31.12.2016.....	15
Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 31.12.2016.....	16
Kontantstraumanalyse.....	17

Notar	18
1 Generell informasjon.....	18
2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat.....	18
3 Konsern og tilknytt selskap.....	19
3.1. Konsern - Goodwill.....	19
4 Transaksjonar med nærstående partar	19
4.1 Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS	19
4.2 ISSB Forsikring AS.....	20
5 Innskot frå kundar.....	20
6 Utlån til kundar, kredittar, garantiar, tap på utlån og garantiar.....	21
6.1 Utlån frå kundar.....	21
6.2 Segment	22
6.3 Misleghald og tap på utlån morbank og konsern.....	23
7 Gjeld ved utsteda verdipapir.....	24
8 Verdipapir	25
8.1 Verdsetjingshierarki for verdipapir	25
8.1 Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi	26
9 Ansvarleg kapital	27
10 Eigenkapitalbevis.....	28
10.1 Eigarandelsbrøken	28
10.2 Dei 20 største eigarane.....	29
11 Hending etter balansedag	29

Hovudtal konsern

i 1.000 kr

		i % av gj.sn. forv.kap.		i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTATSAMANDRAG	31.12.2016		31.12.2015	
Netto renteinntekter	57.419	1,73 %	52.431	1,54 %
Netto andre driftsinntekter	20.917	0,63 %	22.203	0,84 %
Netto avkastning finansielle investeringer	8.798	0,26 %	4.944	-0,04 %
Sum driftsinntekter	87.134	2,62 %	79.578	2,34 %
Sum driftskostnader	66.834	2,01 %	57.075	1,67 %
Resultat før tap	20.300	0,61 %	22.503	0,67 %
Tap på utlån	1.131	0,03 %	919	0,03 %
Skattekostnad	2.642	0,08 %	3.981	0,12 %
Ordinært resultat etter skatt	16.527	0,50 %	17.603	0,52 %
NØKKELTAL	31.12.2016		31.12.2015	
Balansetal				
Brutto utlån	2.783.959		2.621.345	
Eika Boligkreditt AS	1.071.270		983.106	
Totale utlån med Eika Boligkreditt AS	3.855.229		3.604.451	
Innskot frå kundar	2.446.698		2.326.545	
Innskotsdekning morbank	89 %		92,02 %	
Forvaltningskapital	3.326.474		3.582.326	
Lønsemd				
Kostnadsprosent	76,57 %		64,70 %	
Eigenkapitalavkastning	5,30 %		6,03 %	
Soliditet				
Kapitaldekning	17,61 %		16,97 %	
Kjernekapital	15,89 %		15,72 %	
Rein kjernekapital	14,74 %		15,04 %	
Eigenkapitalandel	9,60 %		9,20 %	
Eigenkapitalbevis morbank				
Utbetalt utbyte på eigenkapitalbevis	4,00		3,25	
Bokført pr. EK bevis	165,58		139,42	
Kurs på eigenkapitalbevis	77,25		69,50	
Likviditet				
Liquidity Coverage Ratio - LCR	155		179	
Likviditetsgrad 1	106,78		108,31	
Likviditetsgrad 2	112,44		113,96	

Styret si melding

Kvartalsrapport pr. 31.12.2016

Rekneskapen for 4. kvartal 2016 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering". IFRS-rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdier i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi.

Rekneskapet for fjerde kvartal 2016 er ikkje revidert.

Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

Resultat

Indre Sogn Sparebank (ISSB) fekk eit driftsresultat før skatt på MNOK 19,17 pr. 31.12.2016, mot MNOK 21,59 pr. 31.12.2015. Betre rentenetto og auka utbyte gir positive bidrag til resultatet medan auke i personal- og driftskostnader gir eit negativt bidrag til resultatet. Banken har i 2016 motteke mindre provisjonsinntekter frå Eika Boligkreditt AS i samband med formidling av lån i bustadkredittselskapet, dette utgjer MNOK 2,93.

Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 31.12.2016 var MNOK 19,32, mot MNOK 22,91 pr. 31.12.2015. Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 31.12.2016 på 5,30 %. Styret sitt avkastningsmål er 8,50 % pr. 31.12.2016.

Totalresultatet pr. 31.12.2016 var MNOK 18,71 mot MNOK 26,18 pr. 31.12.2015.

Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,73 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital, ein auke på 0,19 %-poeng frå 31.12.2015. Netto renteinntekter gikk opp med MNOK 4,99 samanlikna med 31.12.2015. Dette skuldast betre margin og reduserte funding-kostnader på utlån. I delårsrapporten for 4. kvartal 2016 er samanlikningstal, her; rentekostnader i 2015, omarbeida i høve endra klassifisering av avgifta til Bankenes Sikringsfond. Denne avgifta var i tidlegare år periodisert og bokført som rentekostnader men er no bokført som andre driftskostander.

Driftsinntekter

Pr. 31.12.2016 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) MNOK 20,92 mot MNOK 22,20 pr. 31.12.2015, ein reduksjon på MNOK 1,29 sidan 31.12.2015.

Utbyte pr. 31.12.2016 var MNOK 8,94 mot MNOK 6,27 pr. 31.12.2015. Auka utbyte er hovudsakleg auka utbyte frå Eika Boligkreditt AS og Eika Gruppen AS. I tillegg er salet av VISA ført som utbyte.

Utbyte og vinst/tap på handel med verdipapir og valuta aukar ordinære driftsinntekter med MNOK 8,79 pr. 31.12.2016. Til same tid i fjor ga dette eit positivt bidrag på MNOK 4,94.

Banken har god vekst i sal av produkta frå Eika som kort- og spareprodukt, og skade- og personforsikring.

Driftskostnader

Pr. 31.12.2016 var driftskostnadene MNOK 66,83 mot MNOK 57,08 til same tid i fjor. I delårsrapporten for 4. kvartal 2016 er samanlikningstal, her; andre driftskostnader i 2015, omarbeida i høve endra klassifisering av avgifta til Bankenes Sikringsfond.

Denne avgifta var i tidlegare år periodisert og bokført som rentekostnader. Auka kostnader er knytt til auka kostnader vedkomande informasjonsteknologi og Eika Gruppen AS i løpet av 2016. Lønskostnadene har gått ned i løpet av 2016, og banken forventar ytterlegare nedgang i 2017 som følgje av at morbanken vil få 4,2 færre årsverk. Auken i personalkostnader skuldast at pr. 01.07.2015 la banken om pensjonsordninga si til innskotsbasert pensjon. Omlegginga førde til ei inntektsføring i 2015 av tidlegare avsett pensjon.

Kostnadsprosenten pr. 31.12.2016 er 76,57 % mot 70,54 % pr. 31.12.2015.

Tap på utlån og garantiar

Morbanken har pr. 31.12.2016 kostnadsført tap på utlån med MNOK 1,13 mot ei tapsføring på MNOK 0,92 til same tid i fjor. I løpet av 4. kvartal 2016, har morbanken redusert individuelle nedskrivingar med MNOK 0,50. Gruppenedskrivingane i morbank har auka med MNOK 0,70 i 4. kvartal 2016. Sum individuelle nedskrivingar i morbank utgjør 0,30 % og nedskriving av grupper utgjør 0,20 % av brutto utlån pr. 31.12.2016. Næringslivet i banken sitt kjerneområde er lite påverka av nedgangen i oljeprisen. Nedgangen i kronekursen har hatt positive verknader for eksportindustrien og reiselivet i regionen.

Kapitaldekning

Pr. 31.12.2016 var konsernet si kapitaldekning 17,61 % mot 16,97 % pr. 31.12.2015. Utrekningsgrunnlaget er redusert frå MNOK 1.746,39 pr. 31.12.2015 til MNOK 1.741,38 pr. 31.12.2016. Rein kjernekapitaldekning var 14,74 % pr. 31.12.2016 mot 15,04 % pr. 31.12.2015. Banken si kapitaldekning ligg over det regulatoriske kravet, og styret vil ha fokus på å auka den reine kjernekapitalen framover. Eigenkapitalen til banken har auka frå MNOK 303,81 pr. 31.12.2015 til MNOK 319,49 pr. 31.12.2016.


Avkastning på egenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 31.12.2016 etter berekna skatt, vart MNOK 16,53 mot MNOK 17,60 pr. 31.12.2015. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. egenkapitalbevis. I morbank pr. 31.12.2016 er avkastninga NOK 8,75 pr. egenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i ISSB er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 31.12.2016 var NOK 77,25 pr. egenkapitalbevis, pr. 31.12.2015 var kursen NOK 69,50. For år 2015 vart det betalt ut NOK 4,00 pr. egenkapitalbevis i utbyte.

I samsvar med utbyttepolitikken i banken har styret for 2016 gjort framlegg om eit utbyte på NOK 3,00 for kvart egenkapitalbevis. NOK 5,75 pr. egenkapitalbevis blir tilført utjamningsfondet.

Fig. 1 Kursutvikling – egenkapitalbevis ISSB



Utlån

I 2016 har utlåna i morbank auka med MNOK 162,17 eller 6,19 % til MNOK 2.782,12. Utlån til personkundar har auka med MNOK 182,91 medan utlån til næringslivet har gått ned med MNOK 20,74. I tillegg yter banken MNOK 1.071,27 i lån til banken sine

personkunder via Eika Boligkreditt AS. I 2016 er det ein auke i porteføljen på MNOK 88,16. Sett i samanheng med Eika Boligkreditt AS, hadde banken ein samla auke i utlån dei siste 12 månadane på MNOK 250,34, eller 6,95 %.

Innskot

I 2016 har innskota i morbank auka med MNOK 51,29 eller 2,13 % til MNOK 2.462,28. Innskot frå personkunder har auka med MNOK 62,46, og innskot frå næringslivskunder har gått ned med MNOK 11,17. Innskotsdekninga i morbank pr. 31.12.2016 er 88,50 %.

Forvaltningskapital

Morbanken sin forvaltningskapital har i 2016 auka med MNOK 25,29 til MNOK 3.325,72 pr. 31.12.2016, ein auke på 0,77 %.

Dotterselskap og tilknytt selskap

Dotterselskap

Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er 100 % eigd av banken. Selskapet marknadsfører seg under namnet Aktiv Sogn, og meklarkontora er samlokalisert med ISSB i Øvre Årdal og Sogndal. I 2016 selde Aktiv Sogn eigedomar i samtlege åtte kommunar i Indre Sogn. Vekst i omsetning og oppdragsmengde har medført at det er tilsett to eigedomsmeklarfullmektigar i 2016. Selskapet har pr. 31.12.2016 fire tilsette.

Selskapet omsette for MNOK 5,19 i 2016, mot MNOK 4,45 i 2015. Det vart omsett 137 eigedomar i 2016, mot 93 i 2015. 2016 var eit rekordår for omsetnad i kroner, tal omsette eigedomar og tal oppdrag. Det er omsett 2 ½ gonger så mange eigedomar i 2016 samanlikna med 2013 som var det året ISSB kjøpte selskapet.

Underskot før skatt pr. 31.12.2016 er MNOK 0,07 mot eit overskot før skatt pr. 31.12.2015 på MNOK 0,16. Eigenkapitalen er MNOK 1,15 pr. 31.12.2016 mot MNOK 1,21 pr. 31.12.2015.

Tilknytt selskap

Den 24.08.2016 kjøpte ISSB 351 aksjar, og eig med det 35 % av ISSB Forsikring AS. Forsikringsselskapet er samlokalisert med ISSB i Bergen, og skal selja Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 31.12.2016 to tilsette.

Selskapet omsette for MNOK 2,09 i 2016, mot MNOK 2,79 i 2015. Overskot før skatt pr. 31.12.2016 er MNOK 0,05 mot eit overskot før skatt pr. 31.12.2015 på MNOK 0,16. Eigenkapitalen er MNOK 0,36 pr. 31.12.2016 mot MNOK 0,31 pr. 31.12.2015.

Utsiktene framover

Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Kapitaldekninga er god, men banken jobbar vidare med å tilpassa seg ein kapitalstruktur som tek omsyn til styresmaktene og marknaden sine krav til kapitaldekning, og forventningar om framtidig vekst. Likviditeten til banken er god, og banken hadde ein Liquidity Coverage Ratio – LCR pr. 31.12.2016 på 155.

Konkurransen i rentemarknaden er hard. Det låge rentenivået skapar utfordringar i heile næringa. Trass i dette, har rentenettoen i banken auka dei to siste åra. Styret har sett sterk fokus på rentenettoen og vil prioritera det framover.

Styret vil intensivera arbeidet knytt opp til sal av forsikring- og spareprodukt, og håpar det vil styrka inntektsgrunnlaget til banken framover.

I 2016 er nye system og arbeidsmetodar eit prioritert arbeidsområde. I 2017 vil digitalisering vera eit viktig satsingsområde. Med denne omlegginga forventar styret at banken vil få auka inntekter og effektivitet. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Årdalstangen den 13. februar 2017.

Siri H. Lagmannsås (s.)

Styreleiar

Siv Enerstvedt (s.)

Jorunn Irene A. Nilssen (s.)

Morten Kristiansen (s.)

Ingeborg Indrelid (s.)

Egon M. Moen (s.)

Adm. banksjef

Stadfesting frå styret og dagleg leiar 2016

Me erklærer etter beste overtyding at delårsrekneskapet for fjerde kvartal 2016 er utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar òg at opplysningane i rekneskapen gir eit rett bilete av banken sine eigedelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Me erklærer òg at delårsrapporten for fjerde kvartal 2016 gjev ei rett oversikt over utviklinga, resultat og stillinga til banken, og ei vurdering av dei mest sentrale usikre forhold og risikofaktorar banken står overfor i 2016.

Årdalstangen den 13. februar 2017.

Siri H. Lagmannsås (s.)

Styreleiar

Siv Enerstvedt (s.)

Jorunn Irene A. Nilssen (s.)

Morten Kristiansen (s.)

Ingeborg Indrelid (s.)

Egon M. Moen (s.)

Adm. banksjef

Delårsrekneskap 4. kvartal 2016

Delårsrekneskap 4. kvartal 2016 - konsern

RESULTAT (i 1.000 kr)	Konsern				i % av gj.sn. forv.kap.
	4. kv.16	4. kv.15	31.12.2016	31.12.2015	31.12.2016
Renteinntekter	22.665	25.080	93.334	108.106	2,81 %
Rentekostnader	8.502	12.543	35.915	55.675	1,08 %
Netto renteinntekter	14.164	12.537	57.419	52.431	1,73 %
Utbyte	39	22	8.943	6.273	0,27 %
Provisjonsinntekter m.v.	5.165	5.406	18.613	20.503	0,56 %
Provisjonskostnader m.v.	845	788	3.192	3.037	0,10 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	82	-502	-149	-1.330	0,00 %
Resultatandel investering i tilknytt selskap	4	0	4	0	0,00 %
Andre driftsinntekter	1.278	1.312	5.496	4.738	0,17 %
Netto andre driftsinntekter	5.723	5.450	29.715	27.147	0,89 %
Løn og personalkostnader	7.989	5.792	29.672	24.066	0,89 %
Administrasjonskostnader	2.955	3.036	12.510	11.221	0,38 %
Avskrivning og nedskrivning på driftsmidler og goodwill	1.404	969	4.208	3.781	0,13 %
Andre driftskostnader	4.539	4.972	20.444	18.008	0,62 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	16.887	16.005	66.834	57.075	2,01 %
Tap på utlån	1.120	241	1.131	919	0,03 %
Driftsresultat før skatt	1.883	2.980	19.169	21.585	0,58 %
Skattekostnad	819	672	2.642	3.981	0,08 %
Resultat etter skatt	1.061	2.307	16.527	17.603	0,50 %
Utvida resultat					
Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat					
Endring i estimatawisk pensjonsordning	64	-2.367	64	-929	0,00 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat					
Verdiendring på finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	5.725	9.727	2.122	9.509	0,06 %
Utvida resultat etter skatt	5.789	7.360	2.186	8.580	0,07 %
Totalresultat	6.850	9.667	18.713	26.183	0,56 %
Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis	0,55	1,20	8,57	9,18	0,00 %

BALANSE (i 1.000 kr)

Eigendelar	31.12.2016	31.12.2015	31.12.2016
Kontantar og fordringar på sentralbankar	120.227	61.550	3,61 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	111.457	296.192	3,35 %
Utlån til og fordringar på kundar	2.769.945	2.605.531	83,27 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	151.262	166.942	4,55 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal	136.509	125.811	4,10 %
Investering i tilknytt selskap	139	0	0,00 %
Goodwill	613	912	0,02 %
Utsett skattefordel	782	962	0,02 %
Varige driftsmidler	32.263	31.357	0,97 %
Overtekne og andre eigendelar	3.277	11.546	0,10 %
Sum eigendelar	3.326.474	3.300.804	100,00 %
Gjeld og eigenkapital			
Gjeld til kredittinstitusjonar	3	0	0,00 %
Innskot frå kundar	2.446.698	2.395.250	73,55 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	439.545	480.941	13,21 %
Anna gjeld	30.001	29.792	0,90 %
Pensjonsforpliktingar	169	518	0,01 %
Ansvarleg lånekapital	90.573	90.488	2,72 %
Sum gjeld	3.006.990	2.996.990	90,40 %
Opptent eigenkapital	255.049	239.377	7,67 %
Innskoten eigenkapital	64.437	64.437	1,94 %
Sum eigenkapital	319.485	303.814	9,60 %
Sum gjeld og eigenkapital	3.326.474	3.300.804	100,00 %
Postar utanom balansen			
Garantiar	82.067	73.043	
Garanti Eika Boligkreditt AS	12.093	12.180	

Delårsrekneskap 4. kvartal 2016 - morbank

Morbank					i % av gj.sn. forv.kap.
RESULTAT (i 1.000 kr)	4. kv.16	4. kv.15	31.12.2016	31.12.2015	31.12.2016
Renteinntekter	22.641	25.079	93.321	108.079	2,81 %
Rentekostnader	8.510	12.543	35.929	55.675	1,08 %
Netto renteinntekter	14.130	12.536	57.391	52.404	1,73 %
Utbyte	39	22	8.943	6.273	0,27 %
Provisjonsinntekter m.v.	5.165	5.407	18.613	20.507	0,56 %
Provisjonskostnader m.v.	845	788	3.192	3.037	0,10 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	82	-502	-149	-1.330	0,00 %
Andre driftsinntekter	99	57	417	400	0,01 %
Netto andre driftsinntekter	4.540	4.195	24.632	22.812	0,74 %
Løn og personalkostnader	7.143	5.192	26.876	22.047	0,81 %
Administrasjonskostnader	2.578	2.713	11.366	10.262	0,34 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.097	957	3.878	3.750	0,12 %
Andre driftskostnader	4.302	4.594	19.237	16.831	0,58 %
Sum driftskostnader før tap på utlån	15.120	14.694	61.357	52.890	1,85 %
Tap på utlån	1.120	241	1.131	919	0,03 %
Driftsresultat før skatt	2.431	3.034	19.536	21.407	0,59 %
Skattekostnad	834	687	2.657	3.933	0,08 %
Resultat etter skatt	1.597	2.347	16.879	17.474	0,51 %
Utvida resultat					
Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat					
Endring i estimatavik pensjonsordning	64	-2.367	64	-929	0,00 %
Postar som kan bli reversert i ordinært resultat					
Verdiendring på finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	5.426	9.727	1.823	9.509	0,05 %
Utvida resultat etter skatt	5.490	7.360	1.887	8.580	0,06 %
Totalresultat	7.087	9.707	18.766	26.054	0,56 %
Basis og utvatna resultat per egenkapitalbevis	0,83	1,22	8,75	9,11	0,00 %

BALANSE (i 1.000 kr)			
Eigendelar	31.12.2016	31.12.2015	31.12.2016
Kontantar og fordringar på sentralbankar	120.227	61.550	3,62 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	111.457	296.192	3,35 %
Utlån til og fordringar på kundar	2.768.108	2.604.135	83,23 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	151.262	166.942	4,55 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal	136.509	125.811	4,10 %
Investering i dotterselskap	1.779	2.078	0,05 %
Utsett skattefordel	719	863	0,02 %
Varige driftsmidler	32.243	31.307	0,97 %
Overtækne og andre eigendelar	3.277	11.546	0,10 %
Sum eigendelar	3.325.717	3.300.424	100,00 %
Gjeld og eigenkapital			
Gjeld til kredittinstitusjonar	3	0	0,00 %
Innskot frå kundar	2.462.279	2.410.992	74,04 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	439.545	480.941	13,22 %
Anna gjeld	13.649	13.715	0,41 %
Pensjonsforpliktingar	169	518	0,01 %
Ansvarleg lånekapital	90.573	90.488	2,72 %
Sum gjeld	3.006.219	2.996.654	90,39 %
Opptent eigenkapital	255.062	239.332	7,67 %
Innskoten eigenkapital	64.437	64.437	1,94 %
Sum eigenkapital	319.499	303.769	9,61 %
Sum gjeld og eigenkapital	3.325.717	3.300.424	100,00 %
Postar utanom balansen			
Garantiar	82.067	73.043	
Garanti Eika Boligkreditt AS	12.093	12.180	

Eigenkapitaloppstilling

Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 31.12.2016

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital				Sum eigen- kapital	i 1.000 kr
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjamnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster		
Eigenkapital 01.01.2015	31.625	32.812	148.505	23.723	23.754	19.627	280.044	
Resultat etter skatt			11.840	5.763			17.603	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			(1.272)				(1.272)	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			343				343	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						9.508	9.508	
Totalresultat 31.12.2015	-	-	10.911	5.763	-	9.508	26.182	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2014				(2.056)			(2.056)	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					(357)		(357)	
Eigenkapital 31.12.2015	31.625	32.812	159.416	27.430	23.397	29.135	303.814	
Resultat etter skatt			9.994	5.533	1.000		16.527	
<i>Utvida resultat</i>								
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			85				85	
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			(21)				(21)	
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.122	2.122	
Totalresultat 31.12.2016	-	-	10.058	5.533	1.000	2.122	18.713	
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2015				(2.530)			(2.530)	
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					(507)		(507)	
Eigenkapital 31.12.2016	31.625	32.812	169.473	30.432	23.890	31.255	319.485	

Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 31.12.2016

	Innskoten		Opptent egenkapital				Sum egenkapital
	Eigenkapitalbevis	Overkursfond	Sparebanken sitt fond	Utjamningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte gevinster	
Eigenkapital 01.01.2015	31.625	32.812	148.586	23.724	23.754	19.627	280.128
Resultat etter skatt			11.711	5.763			17.474
<i>Utvida resultat</i>							
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			(1.272)				(1.272)
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			343				343
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						9.508	9.508
Totalresultat 31.12.2015	-	-	10.782	5.763	-	9.508	26.053
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2014				(2.056)			(2.056)
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Utbetalt frå gåvefond					(357)		(357)
Eigenkapital 31.12.2015	31.625	32.812	159.368	27.431	23.397	29.136	303.769
Resultat etter skatt			10.346	5.533	1.000		16.879
<i>Utvida resultat</i>							
Endring i ikkje resultatførte estimatawik pensjon			85				85
Endring i utsatt skatt på ikkje resultatført estimatawik pensjon			(23)				(23)
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						1.823	1.823
Totalresultat 31.12.2016	-	-	10.408	5.533	1.000	1.823	18.764
<i>Transaksjonar med eigarane</i>							
Utbetalt utbyte for 2015				(2.530)			(2.530)
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>							
Utbetalt frå gåvefond					(507)		(507)
Eigenkapital 31.12.2016	31.625	32.812	169.778	30.434	23.891	30.959	319.499

Kontantstraumanalyse

i 1.000 kr

Morbank			Konsern	
31.12.2015	31.12.2016		31.12.2016	31.12.2015
		Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar		
24.232	-168.072	Endring utlån til kundar	-168.513	23.413
98.852	88.440	Renteinnbetalingar på utlån til kundar	88.453	98.852
0	3.600	Overtekne eigendelar	3.600	0
-1.988	51.295	Endring innskot frå kundar	51.456	-7.614
-36.154	-21.422	Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-21.408	-36.154
-2	3	Endring fordringar og gjeld på kredittinstitusjonar	3	-2
5.664	1.947	Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	1.947	5.664
17.387	42.455	Endring sertifikat og obligasjonar	42.455	17.387
3.897	2.665	Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	2.665	3.897
18.005	15.421	Netto provisjonsinnbetalingar	15.421	18.005
0	-1.501	Verdiendring finansielle instrument og valuta	-1.501	0
-18.106	-24.322	Omsetning kortsiktige investeringar i aksjar	-24.322	-18.106
-54.484	-56.176	Utbetalningar til drift	-55.955	-48.005
-4.910	-3.755	Betalt skatt	-3.755	-4.910
-357	-507	Utbetalte gåver av overskot (Sandnes)	-507	-357
52.036	-69.928	A Netto likviditetsendring frå operasjonelle aktivitetar	-69.960	52.070
		Kontantstraumar frå investeringar		
-1.493	-1.124	Investering i varige driftsmidlar	-1.092	-1.488
		Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar		-40
-20.138	-6.796	Langsiktige investeringar i aksjar	-6.796	-20.138
	317	Innbetaling frå sal langsiktige investeringar i aksjar	317	0
6.273	8.943	Utbyte frå langsiktige investeringar i aksjar	8.943	6.273
-15.358	1.340	B Netto likviditetsendring investering	1.373	-15.393
		Kontantstraumar frå finansiering		
0	200.000	Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	200.000	0
-254.646	-240.500	Tilbakebetaling - utsteding av verdipapir	-240.500	-254.646
-17.527	-10.612	Renteutbetalingar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	-10.612	-17.527
-4.182	-3.828	Renteutbetalingar på ansvarleg lån	-3.828	-4.182
-2.056	-2.530	Utbyte til eigenkapitalbevisegarane	-2.530	-2.056
-278.411	-57.471	C Netto likviditetsendring finansiering	-57.471	-278.411
-241.733	-126.058	A + B + C Netto endring likvidar i perioden	-126.058	-241.734
599.476	357.742	Likviditetsbeholdning ved starten av perioden	357.742	599.476
357.742	231.684	Likviditetsbeholdning ved slutten av perioden	231.684	357.742
		Likvidetsbeholdning spesifisert:		
61.550	120.227	Kontantar og fordringar på Noregs Bank	120.227	61.550
296.192	111.457	Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	111.457	296.192
357.742	231.684	Likviditetsbeholdning	231.684	357.742

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt. Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

Notar

1 Generell informasjon

ISSB er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn, men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. ISSB er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2016 til 31.12.2016. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. ISSB innreknar dotterselskapet Indre Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS i konsernrekneskapet frå og med 01.05.2013, og har utarbeida konserntal for perioden frå oppkjøp til 31.12.2016.

Rekneskapet for fjerde kvartal 2016 vart vedteke av styret 13. februar 2017.

2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapet til konsernet Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapet for 2015, med tillegg av IFRIC 21 for konsernrekneskap frå og med 01.01.2016, er nytta i delårsrekneskapet for fjerde kvartal 2016 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

Når det gjeld ytingar til tilsette, pensjon, nytta ISSB tidleg bruk av revidert IAS 19 ved konvertering til IFRS i 2011. Endringar som følgje av IAS 19 har ikkje innverknad på rekneskapstala for 2013 eller tidlegare periodar.

For meir informasjon om rekneskapsprinsipp og informasjon om rekneskapsestimat, viser banken til årsrapporten for 2015 for Indre Sogn Sparebank.

3 Konsern og tilknytt selskap

i 1.000 kr

	Eigar- andel	Nto rente- og andre inntekter/omsetning				Resultat etter skatt			
		4. kv.16	4. kv.15	31.12.2016	31.12.2015	4. kv.16	4. kv.15	31.12.2016	31.12.2015
KONSERN:									
Morbank									
Indre Sogn Sparebank		18.670	16.278	82.023	73.525	1.597	2.347	16.879	17.474
Datterselskap									
Indre Sogn Sparebank Eidedomsmekling AS	100 %	1.206	1.282	5.187	4.448	-241	-68	-57	164
TILKNYTT SELSKAP:									
ISSB Forsikring AS	35 %	602		2.086		47		44	

3.1. Konsern - Goodwill

Goodwill vert vurdert for nedskriving ved kvart rapporteringstidspunkt. I fjerde kvartal 2016 er det føreteke ei nedskriving i konsernet med MNOK 0,30 knytt til goodwill i datterselskapet Indre Sogn Sparebank Eidedomsmekling AS. Goodwill i datterselskapet er pr. 31.12.2016 MNOK 0,61.

4 Transaksjonar med nærstående partar

4.1 Indre Sogn Sparebank Eidedomsmekling AS

Indre Sogn Sparebank Eidedomsmekling AS er eit 100 % eigd datterselskap og er eit reint eidedomsmeklingsføretak.

I konsernrekneskapet er bankinnskott eliminert med MNOK 15,58.

Indre Sogn Sparebank Eidedomsmekling AS har eit underskot etter skatt pr. 31.12.2016 stort MNOK 0,06. Sjå òg note 3.

4.2 ISSB Forsikring AS

Eigarandelen i ISSB Forsikring AS er 35 % og blir klassifisert som tilknytt selskap. I konsernrekneskapet er det rekna inn ein resultandel på TNOK 4 frå oppkjøpstidspunktet 24.08.2016

ISSB Forsikring AS har eit overskot etter skatt pr. 31.12.2016 stort MNOK 0,04. Sjå òg note 3.

5 Innskot frå kundar

i 1.000 kr

Morbank			Konsern	
31.12.2015	31.12.2016		31.12.2016	31.12.2015
1.547.905	1.610.368	Lønstakarar	1.610.368	1.547.905
54.236	61.040	Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	61.040	54.236
32.728	37.665	Industri	37.665	32.728
69.072	82.607	Bygg og anlegg	82.607	69.072
60.373	55.945	Handel, hotell, transport, tenester	55.945	60.373
362.314	294.680	Finansiering, eigedomsdrift	279.099	346.573
284.364	319.973	Offentleg forvaltning og andre	319.973	284.364
2.410.992	2.462.279	Sum innskot	2.446.698	2.395.251

6 Utlån til kundar, kredittar, garantiar, tap på utlån og garantiar

6.1 Utlån frå kundar

i 1.000 kr

Morbank			Konsern	
31.12.2015	31.12.2016		31.12.2016	31.12.2015
1.978.778	2.161.686	Lønstakarar	2.161.686	1.978.778
39.861	26.771	Jordbruk, skogbruk, fiske	26.771	39.861
37.006	25.791	Industri	25.791	37.006
65.698	83.035	Bygg og anlegg	83.035	65.698
163.269	178.257	Handel, hotell, transport, tenester	178.257	163.269
285.689	260.680	Finansiering, eigedomsdrift	262.517	287.084
49.648	45.902	Offentleg forvaltning og andre	45.902	49.648
2.619.948	2.782.122	Sum utlån før nedskrivingar	2.783.959	2.621.345
-10.714	-8.314	Individuelle nedskrivingar	-8.314	-10.714
-5.100	-5.700	Gruppevisse nedskrivingar	-5.700	-5.100
2.604.136	2.768.108	Sum utlån til og fordringar på kundar i balansen	2.769.945	2.605.531
983.106	1.071.270	Utlånportefølje hos Eika Boligkreditt AS	1.071.270	983.106
3.587.242	3.839.378	Totale utlån	3.841.215	3.588.637

6.2 Segment

Banken utarbeidar rekneskap for segmenta privatmarknad (PM) og bedriftsmarknad (BM). Personkundar som blir følgde opp av næringsavdelinga inngår i bedriftsmarknaden. Etter vurderinga til banken, ligg det ikkje føre vesentlege forskjellar i risiko og avkastning på produkt og tenester som inngår i hovudmarknadane til banken. Banken opererer i eit geografisk avgrensa område, og rapportering på geografiske segment gir lite tilleggsinformasjon.

i 1.000 kr

	31.12.2016				31.12.2015			
	PM	BM	Andre område i morbank	Totalt	PM	BM	Andre område i morbank	Totalt
RESULTAT								
Netto renteinntekter	41.595	16.356	-560	57.391	31.090	15.474	5.839	52.403
Utbyte	2.573		6.370	8.943	1.295		4.978	6.273
Provisjonsinntekter m.v.	15.335	3.143	135	18.613	17.270	2.959	278	20.507
Provisjonskostnader m.v.	2.553	497	142	3.192	2.410	494	133	3.037
Netto vinst/tap på finansielle instrument	273		-422	-149	223	0	-1.457	-1.330
Andre driftsinntekter	417			417	400			400
Netto andre driftsinntekter	16.045	2.646	5.941	24.632	16.778	2.465	3.569	22.812
Løn og personalkostnader	20.394	2.723	3.759	26.876	18.746	2.126	-45	22.047
Administrasjonskostnader	8.753	1.346	1.267	11.366	8.384	969	909	10.262
Avskrivningar på driftsmidlar	3.369	255	254	3.878	3.254	248	248	3.750
Andre driftskostnader	14.545	2.113	2.578	19.237	12.692	1.177	2.650	16.831
Sum driftskostnader før tap på utlån	47.061	6.437	7.858	61.357	43.076	4.520	6.986	52.890
Tap på utlån	645	486		1.131	396	523		919
Driftsresultat før skatt	9.934	12.079	-2.477	19.536	4.396	12.896	4.115	21.407
BALANSE								
Eigendelar								
Kontantar og fordringar på sentralbankar	10.017		110.210	120.227	8.330	0	53.220	61.550
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			111.457	111.457			296.192	296.192
Utlån til og fordringar på kundar	2.182.483	585.625		2.768.108	2.016.127	566.863	21.145	2.604.135
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			151.262	151.262			166.942	166.942
Verdipapir tilgjengeleg for sal			136.509	136.509			125.811	125.811
Investering i dotterselskap			1.779	1.779			2.078	2.078
Goodwill			0	0			0	0
Utsett skattefordel			719	719			863	863
Varige driftsmidlar	20.803	2.303	9.137	32.243	28.091	1.608	1.608	31.307
Overtækne og andre eigendelar	1.120	199.709	-197.551	3.277	17.616	217.789	-223.859	11.546
Sum eigendelar	2.214.423	787.637	323.522	3.325.717	2.070.164	786.260	444.000	3.300.424
Gjeld og eigenkapital								
Gjeld til kredittinstitusjonar			3	3				0
Innskot frå kundar	1.702.088	719.748	40.444	2.462.279	1.637.806	773.066	120	2.410.992
Gjeld ved utsteda verdipapir			439.545	439.545			480.941	480.941
Anna gjeld	487.830	42.815	-517.131	13.649	417.787	198	-404.270	13.715
Pensjonsforpliktingar			169	169			518	518
Ansvarleg lånekapital			90.573	90.573			90.488	90.488
Sum gjeld	2.189.918	762.563	53.603	3.006.219	2.055.593	773.264	167.797	2.996.654
Opptent eigenkapital	24.505	25.075	205.482	255.062	14.571	12.996	211.765	239.332
Innskoten eigenkapital			64.437	64.437			64.437	64.437
Udisponert overskot etter skatt				0			0	0
Sum eigenkapital	24.505	25.075	269.919	319.499	14.571	12.996	276.202	303.769
Sum gjeld og eigenkapital	2.214.423	787.637	323.522	3.325.717	2.070.164	786.260	444.000	3.300.424

6.3 Misleghald og tap på utlån morbank og konsern

a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement

i 1.000 kr

	31.12.2016	31.12.2015
Engasjement som har vore misleghaldne i meir enn 90 dagar		
Misleghald næringslivskundar	7.822	8.200
Misleghald personkundar	18.482	24.800
= Brutto misleghaldne engasjement	26.304	33.000
- Individuelle nedskrivningar	5.938	5.510
= Netto misleghaldne engasjement	20.366	27.491

b) Engasjement som er tapsutsette men ikkje misleghaldne

Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	20.356	24.881
- Individuelle nedskrivningar	2.376	5.205
= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	17.980	19.677

c) Kostnadsførte tap gjennom året

	31.12.2016	31.12.2015
Kostnadsførte konstaterte tap med tidlegare individuelle nedskrivningar	1.801	1.634
+ Kostnadsførte konstaterte tap utan tidlegare individuelle nedskrivningar	1.555	815
- Inngått på tidlegare konstanterte tap med tidlegare individuelle nedskrivningar	425	207
+ Nye individuelle nedskrivningar	2.121	3.334
+ Auka gamle individuelle nedskrivningar	1.550	467
- Konstanterte tidlegare individuelle nedskrivningar	0	1.634
- Reduserte individuelle nedskrivningar	6.071	2.390
= Netto resultateffekt tapskostnader utlån	531	2.019
+/- Periodens endring i gruppenedskrivning	600	-1.100
= Nedskrivningar tap på utlån	1.131	919
+ Konstaterte tap på garantiar	0	0
+/- Endringar i individuelle nedskrivningar garantiar	0	0
= Sum tap på utlån og garantiar inneverande år	1.131	919

Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året

+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01.	10.714	10.937
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	1.801	1.634
+ Auka individuelle nedskrivningar gjennom året	1.550	467
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	2.121	3.334
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	4.270	2.390
= Individuelle nedskrivningar på utlån pr. 31.12.	8.314	10.714

Tapsavsetninger på garantiar

	0	0
Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året		
Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01.	5.100	6.200
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	600	-1.100
= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån pr. 31.12.	5.700	5.100

d) Inntektsførte renter der det er føreteke nedskrivning

Inntektsførte renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	1.129	815
--	-------	-----

7 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

				Bokført verdi		Rente-
Lånetype/ISIN	Låneopptak	Siste forfall	Pålydande	31.12.2016	31.12.2015	vilkår
Sertifikat- og obligasjonslån						
NO0010672967	07.03.2013	07.03.2016	110.000		110.172	3 mnd. NIBOR + 1,10 %
NO0010700370	14.01.2014	14.10.2016	100.000		95.377	3 mnd. NIBOR + 0,83 %
NO0010671274	06.02.2013	06.02.2017	100.000	100.146	100.259	3 mnd. NIBOR + 1,20 %
NO0010649205	06.06.2012	06.06.2017	89.500	89.264	125.148	3 mnd. NIBOR + 2,25 %
NO0010699176	13.12.2013	13.12.2018	50.000	50.039	49.986	3 mnd. NIBOR + 1,15 %
NO0010775513	27.09.2016	27.09.2019	200.000	200.097	49.986	3 mnd. NIBOR + 0,92 %
Sum gjeld ved utsteda verdipapir				439.546	530.927	
Fondsobligasjoner						
NO0010675747	30.04.2013	Evigvarande Calldato 30.04.2018	40.000	40.235	40.257	3 mnd. NIBOR + 4,90 % 1)
Ansvarleg lånekapital						
NO0010720907	03.10.2014	30.10.2024 Calldato 22.08.2019	50.000	50.338	50.231	3 mnd. NIBOR + 1,70 % 2)
Sum ansvarleg lånekapital				90.573	90.488	

1) Lånet tel som kjernekapital også etter EU-forordningen for Basel III, og er godkjent av Finanstilsynet som kjernekapital.
Banken kan frå 30.04.2018, og seinare kvartalsvis på rentereguleringsdatoar, innfri lånet heilt til kurs 100 %.

2) Lånet tel som tilleggskapital etter EU-forordningen for Basel III, og er godkjent av Finanstilsynet som tilleggskapital.
Banken kan frå 22.08.2019, og seinare kvartalsvis på rentereguleringsdatoar, innfri lånet heilt til kurs 100 %.

8 Verdipapir

8.1 Verdsetjingshierarki for verdipapir

Verdsetjingshierarki for verdipapir, til verkeleg verdi. Verkeleg verdi tilsvarar balanseført verdi.

i 1.000 kr.

	31.12.2016			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	0	140.359	10.903	151.262
Verdipapir tilgjengeleg for sal			136.509	136.509
Sum eigendelar	0	140.359	147.412	287.771

Avstemming av nivå 3			
Inngåande balanse 01.01.2016			138.788
Realisert gevinst resultatført			
Urealisert gevinst og tap resultatført			697
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar			4.558
Investering			11.471
Sal			-8.101
Utgåande balanse 31.12.2016			147.412

	31.12.2015			Total
	NIVÅ 1 Kvoterte prisar i aktive marknader	NIVÅ 2 Verdsettings- teknikk basert på observerbare marknadsdata	NIVÅ 3 Verdsettings- teknikk basert på ikkje observerbare marknadsdata	
Verdipapir haldne for handelsføremål				0
Verdipapir frivillig klassifisert til verkeleg verdi	1.425	152.541	12.976	166.942
Verdipapirer tilgjengeleg for sal			125.812	125.812
Sum eigendelar	1.425	152.541	138.788	292.753

Avstemming av nivå 3			
Inngåande balanse 01.01.2015			108.992
Realisert gevinst resultatført			35
Urealisert gevinst og tap resultatført			1.207
Urealisert gevinst og tap i andre resultatkomponentar			5.991
Investering			23.943
Sal			-1.380
Utgåande balanse 31.12.2015			138.788

8.1 Definisjon av nivå for måling av verkeleg verdi

Nivå 1 – Verdsetjing skjer i høve til kvoterte prisar i ein aktiv marknad for identiske eigendelar/forpliktingar. Eit finansielt instrument vert vurdert som kvotert i ein aktiv marknad dersom kursar er enkelt og regelmessig tilgjengeleg frå ein bør, forhandlar, meklar, næringsgruppering, prissettingsteneste eller reguleringsstyresmakt, og desse kursane representerer faktiske og regelmessig førekomande marknadstransaksjonar på ei armlengd avstand. I kategorien inngår mellom anna børsnoterte aksjar og likvide aksje- og pengemarknadsfond.

Nivå 2 – Verdsetjing skjer gjennom annan input enn kvoterte prisar på nivå 1 som er observerbare for eigendelen/forpliktinga, enten direkte eller indirekte (utleia prisar). I dei tilfelle der det ikkje finst tilgjengelege marknadsprisar i ein aktiv marknad, er instrumenta først og fremst forsøkt verdsett ved hjelp av verdsetjingsmetodar basert på observerbare input/og eller tilnærma likearta instrument/produkt. Prising av renteberande papir, mellom anna fastrenteutlån, vert basert på rentekurver henta i aktive marknader. Verkeleg verdi på finansielle instrument tilgjengeleg for sal, vert fastsett for obligasjonar av Swedbank.

Nivå 3 – Verdsetjing på input som ikkje er basert på observerbare marknadsdata. Dersom fastsetjing av verdi ikkje er tilgjengeleg i høve til nivå 1 og nivå 2, vert verdsetjingsmetodar som baserer seg på ikkje-observerbar informasjon nytta. For aksjar som ikkje vert handla i regulert marknad vert siste omsette kurs nytta, eller nylege emisjonskursar, et. bokført verdi av eigenkapital. Konsernet gjer føresetnader basert på marknadsforholda som eksisterer på kvar balansedag. Pr. 31.12.2016 har banken sett verdien på aksjane i Eika Gruppen AS til 80 % av verdsetjing føreteke av finansavdelinga i Eika Gruppen AS. Verdien er vurdert etter anerkjente metodar for verdivurdering, og er utført av Eika Gruppen AS sin bankanalytikar. Verdien er sett til NOK 135,00 pr. aksje. Aksjane i Eika Boligkreditt AS er vurdert ut i frå siste emisjonskurs, og er verdsett til NOK 4,36 pr. aksje.

9 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr

Morbank			Konsern	
31.12.2015	31.12.2016		31.12.2016	31.12.2015
31.625	31.625	Eigenkapitalbevis	31.625	31.625
32.812	32.812	Overkursfond	32.812	32.812
162.283	169.777	Sparebankens fond	169.473	162.650
23.397	23.890	Gåvefond	23.890	23.397
21.669	30.434	Utjamningsfond	30.434	21.669
29.136	30.959	Fond for urealiserte gevinstar	31.255	29.136
-37.618	-62.129	Frådrag	-62.742	-38.550
263.303	257.368	Rein kjernekapital	256.747	262.738
40.000	39.895	Fondsobligasjonar	39.895	40.000
-28.156	-19.981	Frådrag	-19.981	-28.172
275.147	277.282	Kjernekapital	276.661	274.566
50.000	49.914	Tilleggskapital	49.914	50.000
-28.106	-19.981	Frådrag	-19.981	-28.122
297.041	307.215	NETTO ANSVARLEG KAPITAL	306.594	296.444
Eksponeringskategori:				
0	0	Statar	0	0
2.201	0	Lokal regional styresmakt	0	2.201
3.804	23.740	Institusjonar	23.740	3.804
222.659	213.996	Føretak	213.996	222.659
1.092.106	1.187.994	Pantesikra eigedom	1.187.994	1.092.106
28.600	19.075	Forfalne engasjement	19.075	28.600
19.464	16.355	Høyrisiko	16.355	19.464
9.893	6.513	Obligasjonar med fortrinnsrett	6.513	9.893
58.042	1.252	Institusjonar og føretak med kortsiktig rating	1.252	58.042
1.494	3.028	Andelar verdipapirfond	3.028	1.494
39.239	41.389	Egenkapitalposisjonar	39.610	33.950
122.672	77.692	Andre engasjement	79.611	124.367
149.805	150.203	Kapitalkrav frå operasjonell risiko	150.203	149.805
0	0	Frådrag	0	0
1.749.979	1.741.237	SUM BEREKNINGSGRUNNLAG	1.741.378	1.746.385
15,05 %	14,78 %	Rein kjernekapitaldekning %	14,74 %	15,04 %
15,72 %	15,92 %	Kjernekapitaldekning %	15,89 %	15,72 %
16,97 %	17,64 %	Kapitaldekning %	17,61 %	16,97 %

10 Eigenkapitalbevis

Banken sine eigenkapitalbevis er alle ført i 1 -ein- klasse og utgjør per 31.12.2016 MNOK 31,63 delt på 632.500 eigenkapitalbevis pålydande NOK 50,-.

10.1 Eigarandelsbrøken

Eigarandelsbrøken for 2016 er utrekna med utgangspunkt i eigenkapitalfordeling pr. 31.12.2015, justert for utbetalingar gjennom 2015. Tilsvarende er eigarandelsbrøken for 2015 utrekna med utgangspunkt i fordeling pr. 31.12.2014 justert for utbetalingar gjennom 2014.

	i 1.000 kr	
	2016	2015
Eigarandelsbrøk, morbank		
Eigenkapitalbevis	31.625	31.625
Overkursfond	32.812	32.812
Utjamningsfond	24.901	21.665
Sum eigarandelskapital (A)	89.338	86.102
Sparebankens fond	160.298	151.662
Gåvefond	22.890	23.397
Grunnfondskapital (B)	183.188	175.059
Fond for urealisert vinst	29.136	19.627
Avsett utbyte, gåver og konsernbidrag	3.037	2.413
Justert estimatawik	-929	-3.076
Sum eigenkapital	303.770	280.125
Eigarandelsbrøk A / (A+B)	32,78 %	32,97 %
Utbyte		
Avsett utbyte per eigenkapitalbevis (tal i heile kr.)	3,00	3,25
Samla utbyte	1.898	2.056

10.2 Dei 20 største eigarane

Dei 20 største eigarane pr. 31.12.2016 utgjer 47,98 % av eigenkapitalbeviskapitalen.

31.12.2016					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	DAHLSTRØM FINN SVERRE	10.500	1,66 %
EIKA UTBYTTE	39.430	6,23 %	HEYERN AS	10.000	1,58 %
BEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	NORDIC PRIVATE EQUITY AS	10.000	1,58 %
DØSKELAND BØRGE	20.950	3,31 %	ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %
EUROVEST AS	20.700	3,27 %	HÅPE AS	8.069	1,28 %
ROGNE HELGE	16.780	2,65 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
PIMA AS	13.305	2,10 %	PHAROS INVEST I AS	7.388	1,17 %
MERRILL LYNCH PROFESSIONAL CLEARIN	12.719	2,01 %	FORLAGSFINANS AS	7.200	1,14 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
TH DAHL AS	10.800	1,71 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
SUM				303.474	47,98 %

31.12.2015					
Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP PENSJON PK	50.383	7,97 %	HEYERN AS	10.000	1,58 %
DØSKELAND BØRGE	42.650	6,74 %	THU LEIF MAGNE	8.498	1,34 %
EIKA UTBYTTE VPF	41.430	6,55 %	SECURUS AS	8.367	1,32 %
EUROVEST AS GEIR KAASEN	23.000	3,64 %	LUSTER SPAREBANK	7.600	1,20 %
BEES HOLDING AS	23.000	3,64 %	AURLAND SPAREBANK	6.800	1,08 %
ROGNE HELGE	19.780	3,13 %	VIK SPAREBANK	6.650	1,05 %
MERRILL LYNCH PROF. MLPRO SEG FOR I	12.719	2,01 %	HANØY PER	6.500	1,03 %
EIKA GRUPPEN AS	11.200	1,77 %	ESPEDAL & CO AS	5.966	0,94 %
TH DAHL AS	10.800	1,71 %	WIKBORG TORD GEIR	5.550	0,88 %
ÅRDAL KOMMUNE	10.000	1,58 %	SEIM LASSE SIGURD	5.000	0,79 %
SUM				315.893	49,94 %

11 Hending etter balansedag

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapet eller i notar til rekneskapet.



INDRE SOGN
SPAREBANK
ekte lokalbank

ORG. NR.: 837 897 912

TELEFON: 57 64 85 10

WWW.ISSB.NO

NETTPOST@INDRESOGNSPAREBANK.NO

Øvre Årdal – Årdalstangen – Lærdal – Sogndal – Bergen